



Bente Aamodt på si eigentlege heimebane – i Uskedalen sist sommar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Bente Aamodt (47), uskedeling og såvidt tapande ordførarkandidat for Arbeidarpartiet i Ottadalsbygda Skjåk sist haust, har hatt ei ny og heller spesiell politisk oppleving. Ho har ete middag med partifelle og næringsminister Dag Terje Andersen**

Middagen var premi fordi ho har verva 11 nye medlemmer for partiet sitt. Måltidet vara i tre timar og var svært triveleg, men Bente er ikkje heilt nøgd med serveringa. – Det var dei minste lammekotelettar eg har sett. Du veit, vi frå Skjåk er vane med store porsjonar, seier ho i eit stort portrettintervju med avisa GD i Lillehammer. Ho visste ikkje på førehand at det var noko tevling på gang om å verva flest medlemmer, men moderpartiet meiner at ho gjorde bortimot ein bragd.

Og bragden er mykje større enn som så: Då Bente tok over som partileiar i mars i fjor, betalte 51 kontingent til partiet hennar. No er det 114 som gjer det! Ved valet sprakk Senterparti-dominansen i Skjåk for første gong på mange år og partiet måtte søkje samarbeid med ei bygdaliste for å behalda makta. Bente var ikkje langt frå ordførarstolen. Og uskedelingen gjev ikkje opp – om tre år vil ho vera klar til fornya kamp.

Ellers seier ho i intervjuet at ho lengtar attende til Skjåk når ho har vore 14 dagar heime sjølv om ho

kallar Kvinnherad vakker og flott. Men det er helst om sommaren.  
Ellers har skjåkverane lært henne å ta tida til hjelp – alt er mykje meir travelt på Vestlandet.

Av Ola Matti Mathisen